

Foreldreinfo desember

FAU/SU/SMU

- Foreldreundersøkinga er klar for skulen. FAU gjekk gjennom denne på møtet 02.12. Kort oppsummert så er de føresette godt over snittet nøgd med skulen vår samanlikna med tala for Rogaland fylke. Det er utruleg viktig for elevane at me vaksne har eit godt samarbeid. Det er med stort sannsyn ein av nøklane til at ungdomane våre svarar så positivt på ungdata undersøkingar.
- Resten av sakene FAU/SU/SMU gjekk gjennom finn de i referata her: [FAU](#) [SU/SMU](#)

Trivselsvakter

5.-7. har i mange år fungert som trivselsvakt i friminutta for dei yngre elevane. I år er det vanskeleg grunna Korona, men i dialog med elevrådet på barnetrinnet har me funne ei ordning. Kvar klasse har to trivselsvakter kvar veke. Desse har ansvar for å sette i gang felles leik og få andre med seg i leiken. Flott at me har eit engasjert elevråd som er opptatt av å skapa trivsel.



Våre 3

10.-klassingar gjorde god innsats i klassequiz'en til NRK, men i år var det ikkje nok til å kome vidare til finalane i Oslo. Takk til elevane som representerte Vikeså skule på ein flott måte!

FAU og politiet vil ha fokus på trafikksikkerheit. Tysdag 19.01.21 vil dei møta elevane om morgonen, sjekka refleksbruk og dela ut refleks til dei som manglar – flott initiativ!



Elevundersøkinga

Resultata for elevundersøkinga på skulen er klar. 7. og 10.trinn sine tal vil bli publisert på kommunenivå. På begge desse trinna ligg svara på Vikeså skule stort sett over snittet elles i fylket, og det er me godt nøgd med. Kvart team på skulen vil analysera resultata for sitt trinn, og arbeida vidare der det er forbetringspotensiale. SU/SMU fekk presentert tala på møtet 02.12.



Adventstida har vore anngleis dette året, men me har klart å skape ei god stemning likevel. Me har pynta med lys og hjarter, hatt adventskalendere og juleverkstad. Me satsar på at verda blir litt meir normal i løpet av første halvdel av 2021, og at me kan ta opp att dei felles tradisjonane me har sakna i år.

Skulen har planleggingsdag den 04.01.21 Elevane startar den 05.01.21 til vanleg tid. SFO har åpent i ferien, sjå [månadsplan](#) og [heimesida](#) for opningstider. Ha ein velfortent og avslappande ferie både store og små.

Med dei beste ønsker for 2021,

Svanhild Gjedrem - rektor

